



Bø kommune

Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Utval for helse og velferd	18.02.2016	04/16
Kommunestyret	07.03.2016	26/16

Saksansvarleg: Svein Aas Pedersen Arkiv: K2 - F30, K3 - &30

Arkivsaknr.: 16/594

Revidering av flyktningplanen 2015-2020

Rådmannen tilrår:

1. Revidert flyktningplan med vedlegg blir lagt til grunn for arbeidet med flyktningar i Bø kommune for åra 2016-2020.
2. Resultatmål i planen blir lagt fram til politisk behandling i samband med tertialrapportering.

18.02.2016 Utval for helse og velferd

Behandling:

Samrøystes

HV- 04/16Vedtak:

Tilråding:

1. Revidert flyktningplan med vedlegg blir lagt til grunn for arbeidet med flyktningar i Bø kommune for åra 2016-2020.
2. Resultatmål i planen blir lagt fram til politisk behandling i samband med tertialrapportering.

07.03.2016 Kommunestyret

Behandling:

Samrøystes.

K- 26/16Vedtak:

Vedtak:

1. Revidert flyktningplan med vedlegg blir lagt til grunn for arbeidet med flyktningar i Bø kommune for åra 2016-2020.
2. Resultatmål i planen blir lagt fram til politisk behandling i samband med tertialrapportering.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i sak 55/15 Flyktningplan for Bø kommune 2015-2020 og retningslinjer for mottak av flyktningar. I ny sak om busetting av flyktningar 2016-2019 (sak 116/15) blei det vedteke at Bø kommune skulle ta imot fleire flyktningar dei komande åra, enn kva som har vore normalnivået. I vedtaket heiter det at «*den kommunale flyktningplanen skal reviderast og leggjast fram for kommunestyret rett over nyttår. Ein legg til grunn at det i planen lagast måltall for arbeids- og språkpraksis på avdelingsnivå*». Det er bakgrunn for at revidert flyktningplan leggjast fram nå.

Saksomtale:

Det er kort tid sidan planen blei vedteke og vi har ikkje hatt den ute på brei høring nå. Vi har jobba med gjennomgang og revidering internt på tre måtar.

- Det er etablert ei fagleg brei samansett integreringsgruppe som skal møtast fire gonger i året. Gruppa består av NAV-leiar, leiande helsesøster, inspektør på Bø skule, einingsleiar for kultur, avdelingsleiar for flyktningtenesta og einingsleiar for Omsorg og kvalifisering. Gruppa vil bli utvida med bustadkonsulent. Gruppa har hatt eit møte og innhaldet i flyktningplanen er drøfta. Det har ikkje kome nye innspel til planen.
- Flyktningplanen har vore til høring i oppvekstsektoren. Med unntak av ein presisering kom det ingen nye moment til planen.
- Flyktningplanen har vore drøfta i samarbeidsmøte mellom NAV og flyktningtenesta. Der har først og fremst økonomireglementet vore tema. Vi har diskutert oss fram til noen endringar og presiseringar i høve økonomireglementet og det er gjort tydeleg kva ansvar dei respektive avdelingane har overfor flyktningar i introduksjonsprogram. Det er og presisert at vi har sterke krav til at flyktningar som kjem frå asylmottak skal ha formalitetar som personnummer og bankkonto i orden før busetting. Da kjem dei raskare i gang med introduksjonsprogrammet.

Konklusjonen er at vi framleis meiner å ha ein god plan som kan vere gjeldande også når Bø kommune skal ta imot fleire flyktningar. I framtida skal kommunen ta imot forholdsvis mange einslege unge flyktningar. Det er bestemt at dei i hovudsak skal bu i bufelleskap den første tida. Flyktningplanen tar ikkje spesielt høgde for det, men gjennom dei økonomiske retningslinjene er dei mindreårige ivaretatt. Det viktigaste er at planen seier noe overordna om sentrale integreringsområde som kvalifisering/introduksjonsprogram, barnehage og grunnskule, bustadforvaltning, deltaking i samfunnslivet og brukarmedverknad. Økonomiske

retningsliner høyrar sjølvst med.

Det er lite nytt i planen slik den leggast fram nå. Det har likevel vore viktig at NAV og flykntingtenesta i lag har gått nøye gjennom dei økonomiske retningslinjene og diskutert seg fram til korleis dei skal forståast og praktiserast. Felles forståing av punkt 9 (om introduksjonsprogrammet) er av særleg betydning. Forutan denne oppklaringa er endringane i planen av språkleg karakter. Det er utarbeidd ein handlingsdel. Den er førebels noe uferdig på innhald, men det er verd å merke seg at det er sett ansvarspersonar på kvart tiltak som skal gjennomførast, noe som skal gjere oppfølginga lettare og meir forpliktande.

Flykntingplanen er ambisiøs på fleire punkt:

Kvalifisering: Det er sett konkrete prosentmål når det gjeld resultat på kvalifisering. Det er i aller høgste grad relevant også for ungdommane som nå skal busettast. I byrjinga av mars skal Bø kommune fastsette IA-mål for det komande året. Til det møtet er flyknting-administrasjonen utfordra på å komme med klare behovstall for kommunale språk- og arbeidstreningsplassar. Det er alt etablert fleire slike plassar og vi har mykje erfaring i kva som fungerer og kva som bør endrast. Endelege tall og metode for oppfølging vil bli innlemma i øvrige IA-mål for kommunen.

Bustad: Det er sett konkrete resultatmål for kor mange som skal kunne kjøpe eller sjølv leige bustad. Nå skal vi etablere mange i bufellesskap, vil dei få tettare rettleiing og bør kunne tileigne seg bukompetanse raskare. Det vil auke moglegheita for at desse ungdomane sjølve klarar å leige seg eigen bustad i bøsamfunnet.

Deltaking i lokalsamfunnet: Når det kjem til deltaking i det sivile liv og oppleving av tryggleik i lokalsamfunnet, er det ikkje sett noe prosentmål av den enkle grunn at dette er vanskeleg å måle. Men det skal nemnast at det nyleg blei gjennomført eit ope folkemøte om integrering. Der opplevde vi stort frammøte, mykje positivt engasjement og mange innbyggjarar har meldt sin interesse for å involvere seg med frivillig innsats. Det gir oss grunn til å tru at vi kan få til mykje i lokalsamfunnet.

Planen som leggast fram nå er ei revidert utgåve av planen frå sommaren 2015. Den har såleis ikkje fått verke lenge. Handlingsdelen er ein arbeidsreiskap og må jobbast med kontinuerleg. Flykntingararbeid må ha eit langsiktig perspektiv, noe også mange av tiltaka i planen tar høgde for. Ved å kombinere resultat vi har frå arbeid med lengebuande flykntingar og kva som er oppnådd for dei som er busett i 2015 og 2016 skal det likevel vere mogleg å presentere status, og i noen tilfelle statistikk, på fleire av delmåla og tiltaka i planen.

Vedlegg:

09.02.2016	Kommunedelplan for flykntingpolitikken i Bø kommune	294359
09.02.2016	KOMMUNALE RETNINGSLINJER oppdatert 08 02 16 (2)	294360

09.02.2016

Handlingsdel til kommuneplan for flyktningpolitikken i Bø kommune

294361

Kommunedelplan for flyktningpolitikken i Bø kommune

2015-2020

Bakgrunn

I samfunnsdelen i kommuneplanen for perioden 2013-2025 står det under målsettingar (pkt 3.6) at «Bø kommune skal vera ein inkluderande kommune og bidra til busetting av flyktningar». I strategiane knytt til målet heiter det at Bø kommune skal ta imot flyktningar på same nivå som tidligare og at ein skal samarbeide med frivillig sektor for å få til ein god integrering av dei ein tek imot. Denne planen er ein kommunedelplan der ein tek sikte på å beskrive korleis ein skal organisere arbeidet for å få til dette. Planen er viktig som styringsverktøy for å sikre kvaliteten på tenesta, betre integreringa, plassere ansvar og forventningar på rett stad og ikkje minst utnytte ressursane på best mogleg måte.

Bø kommune har vore aktiv som busettingskommune sidan slutten av 1970-talet og har sidan da busett om lag 400 flyktningar. Dei siste åra har ein busett mellom 15 og 20 personar årleg. Kommunestyret har i sitt vedtak lagt til grunn at Bø kommune til ein kvar tid skal ha busett om lag 60 flyktningar som utløyser integreringstilskot.

Kommunen si oppgåve

Kommunane busett flyktningar i samarbeid med IMDi¹. Frå 1. september 2004 blei deler av det kommunale integreringsarbeidet regulert gjennom Introduksjonslova. I lova heiter det at kommunen har eit ansvar for å sørge for at dei flyktningane ein tek imot, og familie som kjem etter som følge av familieföreining, i løpet av ein to års-periode får individuell opplæring i norsk og samfunnskunnskap og tiltak som førebur ein på aktivitet i arbeidslivet eller bidrar til vidare skulegang.² I tillegg har kommunen ansvar for å tilby opplæring i norsk og samfunnskunnskap til andre innvandrarar som omfattast av Introduksjonslova. Kommunane skal også sørge for at det generelle tenestetilbodet er tilpassa ein fleirkulturell befolkning.

¹ IMDi er ein organisasjon underlagt Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet med ansvar for å gjennomføre regjeringas flyktnings- og integreringspolitikk.

² <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80>

Dei økonomiske rammene

Kommunen får tilskot til å gjennomføre busetting og integrering av flyktingar. Tilskotet blir gitt etter faktisk tal på busette flyktingar i kommunen til ei kvar tid, og utgjer pr 2016 kr 717.400/767.400, fordelt over busettingsåret og dei fire påfølgande åra. I tillegg til det ”ordinære” integreringstilskotet mottar kommunen innbyggjartilskot for dei nye innbyggjarane, barnehagetilskot, samt tilskot for eldre og personar med alvorlege funksjonshemmingar. Desse er delvis øyremerka tilskot.

Tabell 1. Oversikt over tilskot

Integreringstilskot	År	Sats kroner
	År 1 (2016)	184.000 (vaksne) 184.000 (born) 234.000 (einslege vaksne) 184.000 (einslege mindreårige)
	År 2 (2015)	220.000
	År 3 (2014)	160.000
	År 4 (2013)	83.400
	År 5 (2012)	70.000
Barnehagetilskot		24.500 (eingongstilskot)
Eldretilskot		162.000 (eingongstilskot)
Særskilt tilskot einslege mindreårige		207.000 (pr år fram til fylte 20 år)
Personar med kjende funksjonshemmingar (øyremerka midlar)		Tilskot 1: 181.000 (eingongstilskot) Tilskot 2: Inntil 1.111.000 i inntil 5 år

Integreringstilskotet skal dekke kommunen sine utgifter knytt til busetting og integrering over eit stort spekter av tenester. Dette gjeld flyktingtenesta,

introduksjonsprogram og introduksjonsstønad, sosialtenesta og sosialhjelp, bustadadministrasjon, sysselsettings- og kvalifiseringstiltak, integreringstiltak knytt til skule og barnehage, kultur- og ungdomstiltak, kommunale helsetenester, mm.

Integreringstilskotet skal altså bidra til at kommunane gjennomfører eit planmessig og aktivt busettings- og integreringsarbeid, med sikte på at dei busette skal kome seg i arbeid og greie seg sjølv. Tilskotet skal dekke kommunen sine gjennomsnittlege utgifter ved busetting og integrering i busettingsåret og dei fire neste åra. Husbanken har særskilte støtteordningar som skal bidra til å stimulere flyktningar til å etablere seg i eigne bustader.

Tabell 2. Integreringstilskot til Bø kommune for perioden 2008-2015, millionar kr.

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Inntekter (Integreringstilskot)	7,80	11,02	13,23	13,12	12,96	11,84	11,93	13,52
Identifiserbare utgifter								
- Flyktingtenesta	4,32	5,17	6,56	7,03	6,16	5,32	6,14	7,43
- Flyktning (NAV)	1,12	2,10	2,52	2,10	1,87	2,11	1,90	2,34
Identifisera utgifter	5,44	7,27	9,10	9,13	8,03	7,41	8,04	9,77
«Overskot» til finansiering av andre tenester	2,36	3,75	4,13	4,00	4,93	4,43	3,89	3,75

«Overskotet» det her visast til blir bruka til å finansiere andre kommunale tenester som kommunen vil ha (meirkostnader om ein vil) som følge av kommunen har vedtatt å ta imot flyktningar og blir fordelt mellom avdelingar og sektorar som ein del av den ordinære budsjettprosessen. Det er ikkje blitt laga noen modell for fordeling av «overskotet». Det ligg heller ingen modell til grunn som bereknar kva dei ulike einingane/avdelingane forventar å bruke av det totale integreringstilskotet som kommunen mottar kvart år. Administrasjonen vil undersøke om ein kan finne fram til ein måte å synleggjere bruken av integreringstilskotet på.

Mål og strategiar for arbeidet i Bø

God integrering er knytt til i kva grad ein lykkast i å sosialisere flyktningane ein tek imot, og at dei blir ein del av det ordinære livet i kommunen. Det overordna målet for integreringsarbeidet er at busette flyktningar etter fem år i kommunen skal vere i stand til å klare seg sjølv. I det ligg at dei er uavhengige av stønadar

frå det offentlige og at dei bur i eigen bustad. Integrering handlar konkret om at ein får høve til å delta i arbeidslivet på like vilkår, moglegheit for utdanning og deltaking i det sivile liv på ein god måte. Skal ein få til dette må kommunen ha kvalitet i arbeidet, på tvers av avdelingar og sektorar.

Kommunestyret sitt samrøystes³ vedtak av samfunnsdelen i kommuneplanen ligg til grunn for arbeidet i denne planen. Ein viser her særleg til samfunnsplanens punkt 3.6.

Målsetting	Strategi
<ul style="list-style-type: none">• Bø kommune skal vera ein inkluderande kommune og bidra til busetting av flyktningar.	<ol style="list-style-type: none">1. Ta imot flyktningar på same nivå som tidligare2. Samarbeide med frivillig sektor om integrering av innvandrarar

Meininga med kommunedelplanen for flyktnings- og integreringspolitikken i Bø kommune er å bryte dei overordna målsettingane ned i delmål som samla støttar opp om det overordna målet.

³ Vedtatt i kommunestyret 16.12.2013

MÅLSETTING 1:

Alle som kjem som flyktingar til Bø kommune skal i størst mogleg grad klare seg sjølv

Delmål 1.1

60% av busette over 16 år, og som framleis bur i Bø, skal 3 år etter at dei kom vere i arbeid eller utdanning. Etter 5 år skal prosenten vere 80.

Strategi		Tiltak	
1.1.1	Skape betre kvalitet i introduksjonsprogrammet	1.1.1.1	Auke kompetansen blant tilsette og gjere det tydeleg kva som er programrådgjevars rolle og oppgåver i høve introduksjonsprogrammet
1.1.2	Utvikle gode språktreningsarenaer der alle sektorar og avdelingar i kommunen er forplikta til å stille med praksisplassar. Sette eit årleg måltall for slike plassar for kvar avdeling	1.1.1.2	Peike ut ein person i flyktingtenesta med ansvar for for å følge opp språk- og arbeidstreningsarenaer
1.1.3	Utnytte eksterne arenaer til læring.	1.1.1.3	Samarbeide med attføringsbedrifter for å heve kvaliteten i introduksjonsprogrammet
1.1.4	Sette klare læringsmål for den einskilde i samarbeid med Nome og Bø voksenopplæring (NBVO)	1.1.1.4	Styrke samhandlninga mellom flyktingtenesta og NAV.
1.1.5	Legge til rette for at foreldre med småbarn kan delta i introduksjonsprogram eller andre kvalifiseringstiltak	1.1.1.5	Sørgje for at flyktingtenesta er representert i NBVO sitt fagråd.
1.1.6	Sette flyktingar i aktivitet snarast mogleg etter busetting	1.1.1.6	Ajourføre retningslinjer for mottak av flyktingar inkludert økonomisk oppfølging.
1.1.7	Spreie meir kunnskap i den kommunale organisasjonen om kva det vil seie å ta imot og integrere flyktingar.	1.1.1.7	Skaffe nyankomne familiar med små barn barnehageplass så raskt som råd.
		1.1.1.8	Etablere ei kommunal tverrfagleg integrerings-gruppe hausten 2015 med eitt tydeleg mandat.

Delmål 1.2

Flyktningbarn i alderen 0-16 år skal ha like moglegheiter i barnehage og grunnskule som befolkninga elles.

Strategi		Tiltak	
1.2.1	Legge til rette for at flest mogleg barn av flyktingar får barnehageplass	1.2.1.1	Barn av foreldre i introduksjonsprogram har prioritet i barnehageopptak
1.2.2	Utvikle barnehagen som ein god språkarena for barn	1.2.1.2	Personalet i barnehagane skal kjenne til fleirspråklege barns tileigning og strategiar for god språktileigning (jf. rettleiar frå Udir)
1.2.3	Barnehagane skal jobbe spesielt og individuelt med tospråklege barn	1.2.1.3	Tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minioritetsspråklege barn i førskulealder, brukas i tråd med «Plan for kommunens arbeid med flerspråklege barn i barnehagane i Nome og Bø».
1.2.4	Skulen skal legge til rette for fagleg og sosial utvikling og integrering av eleven og eit godt samarbeid mellom skulen, heimen og andre instansar.	1.2.1.4	Lage plan for integrering og språkopplæring i Bø kommune 2015-2018.

Delmål 1.3

Flyktningar skal ha like gode helsetilbod som alle andre som bur i Bø kommune

Strategi		Tiltak	
1.3.1	Auke kompetansen om flyktningar og flyktningars helsemessige utfordringar i det kommunale tenesteapparatet	1.3.1.1	Flyktningar skal få hjelp til å oppsøke helsevesenet i starten
1.3.2	Vere nøye på at helsetenester blir tildelt etter same kriteria som for alle andre innbyggjarar i Bø kommune	1.3.1.2	Introduksjonsprogrammet skal innehalde systematisk informasjon om helsetenester.
		1.3.1.3	Retten til å nytte tolk skal gjerast kjent og det skal brukast tolk når nødvendig
		1.3.1.4	Ha flyktningar og flyktningars helsemessige utfordringar som tema på KUL-møta
		1.3.1.5	Dårleg personleg økonomi skal ikkje vere til hinder for at flyktningar får dei helsetenestene ein treng
		1.3.1.6	Helsehjelp skal givast på bakgrunn av vedtak som blir fatta av Tildelingskontoret

MÅLSETTING 2:

Alle som kjem som flyktingar til Bø kommune skal gis moglegheit for deltaking i det sivile liv og føle seg trygge i lokalsamfunnet

Delmål 2.1

Vi skal legge til for at unge flyktingar får aktivitetskortet som vil auke deira høve til å delta i ulike aktivitetar

Delmål 2.2

Alle busette flyktingar skal føle seg trygge ute i lokalsamfunnet

Strategi		Tiltak	
2.1.1	Samarbeide med lag og foreningar for å fremje integrering og haldningssakapande arbeid	2.1.1.1	Introduksjonsprogrammet skal innehalde informasjon om kultur- og fritidsaktivitetar i Bø kommune
2.1.2	Sørgje for at flyktingane sin plass i lokalmiljøet blir tema i nærmiljøgruppa	2.1.1.2	Oppretthalde kontakten med Bø Røde Kors gjennom partnerskapsavtala
2.1.3	Oppmuntre til at fribyforfattarane får ytre seg i Bø Blad	2.1.1.3	Bidra til at flyktingane får delta når lag og organisasjonar arrangerer open dag på Bø Torg
2.1.4	Nytte posisjonen som kommunen er i, til å ha fokus på temaet ytringsfridom	2.1.1.4	Leiaren i flyktingtenesta skal vere med i nærmiljøgruppa
		2.1.5	Samarbeide med høgskulen om litterære seminar der fribyforfattarane blir delaktige i planlegging eller gjennomføring

MÅLSETTING 3:

Det skal leggest til rette for at flyktningar i langt sterkare grad sjølv kan leige eller kjøpe sin eigen bustad

Delmål 3.1

70% skal 5 år etter at dei har kome til Bø bu i bustad som dei eig sjølv eller leiger direkte av huseigar

Strategi		Tiltak	
3.1.1	Sikre kvalitet på burettleiing dei første åra etter busetting	3.1.1.1	Lage eit system som gjer at alle får oppfølging og rettleiing om det å bu i Noreg. Utarbeide ei sjekklister for kva som skal lærast
3.1.2	Kome i dialog med huseigarar om direktekontraktar	3.1.1.2	Ha tema om det å bu inn i introduksjonsprogrammet (t.d nytte Husbanken sitt nettbaserte opplæringsverktøy)
3.1.3	Etablere fleire gjennomgangsbustader som fungerer slik at butida er max 3 år	3.1.1.3	Gje økonomisk rettleiing om kva som skal til for å kjøpe eigen bustad. Motivere til å bli sjølvhjelpete.
3.1.4	Lage etableringsrutinar/pakker som gjer det mogleg/attraktivt å flytte for seg sjølv	3.1.1.4	Gje flyktningane informasjon om Husbanken sitt startlån og tilskotsordningar. I større grad hjelpe flyktningen i søknadsprosessen
3.1.5	Nytte Husbanken sine verkemiddel med startlån/tilskot	3.1.1.5	Få på plass ei etableringsrutine som ikkje er til hinder for flyktningen å finne seg eigen bustad

MÅLSETTING 4:

Busette flyktningar skal få høve til å formidle sin kunnskap og påverke integreringsarbeidet.

Delmål 4.1

Det skal opprettast brukarutval

Delmål 4.2

Det skal gjennomførast ei spørjeundersøking kvart 3. år.

Strategi		Tiltak	
4.1.1	Det skal etablerast brukarutval etter same modell som i helse- og velferd	4.1.1.1	Flyktingtenesta må sørge for at det blir etablert eit brukarutval med minst tre medlemmer og gjennomføre møter i tråd med K-styrevedtak 48/14
4.1.2	Utarbeide ein spørsmålsmal som gjer at ein kan få noe ut av svara, og kunne samanlikne frå gong til gong (evt med andre kommunar).	4.1.1.2	Flyktingtenesta gjennomfører spørjeundersøkingar, eventuelt med ekstern hjelp. Svara presenterast i eigen sak til helse- og velferdsutvalet.